

Sak 06-21 Byte av matavfallsposar av plast med matavfallsposar av papir frå 2022

Tilråding til vedtak:

1. Styret vedtek å levere ut papirposar for matavfall frå 2022, til dei som ynskjer det. Papirposane kan gå inn som ein naturleg del av biogass prosessen, og erstattar posar av plast.
2. Dei som ynskjer det kan forsette med posar av plast som handlenett og liknande, men må då sjølve halde posane.

Saksutgreiing

Bakgrunn

Volda Kommunestyre vedtok i samband med godkjenning av føresegnene for renovasjon og slam, eit oversendingsframlegg som i røynda bad VØR om å byte oppsamlingsposar for matavfall frå plast til papir.

Røynsler med plast kontra papir.

Slike posar finst, men det er få avfallselskap som nyttar det og røynslene er blanda.

Sirkula IKS som organiserar avfallsinnsamlinga i Hamar-regionen, nytta papir i nokre år, men gjekk bort frå det, fordi mengdene innsamla avfall gjekk ned. For mykje matavfall hamna i restavfallet. Dei brukar no plast som VØR.

Det var det fleire grunnar til. Ein er at papir vart oppfatta som meir uhygienisk. Det andre at avfallsbeholdrane lettare vart meir tilgrisa når papirposane gjekk i oppløysing som følgje av vått avfall. Og det tredje er at det er større utfordringar med at avfallet frys fast i beholdar.

Røynslene frå Hadeland og Ringerike avfallselskap (HRA), som la om frå plast til papirposar i 2008, er på den andre side positive. Volumet gjekk litt ned, men kvaliteten på det som kom inn vart betre. Papirposane går hos HRA inn i biogassprosessen saman med matavfallet, og blir til biorest med lite ureining, i motsetnad der bioresten inneheld restar av plast. Rett nok under krava til mattilsynet, men likevel nok til at det ikkje ser pent ut.

For eller mot plastposar er såleis ikkje svart kvitt.

Det tilseier at dette kan gå bra, men det er viktig å gå stegvis fram, og å legge inn insitamant.

Oppsummert så syner bruk av plast til dette formålet, godt resultat for sjølve innsamlingsprosessen som vi har ansvaret for, men den gir utfordringar lenger ute i verdikjeda, når bioresten skal køyrast ut på markane til bøndene. Små plastbitar er krevjande å få bort via «flotasjon» i forbehandlinga av matavfallet og noko plast følgjer med bioresten ut på markane. Det er uheldig.

Kva inneber det for VØR å gå over til papirposar ?

Frostproblematikken i dunkane vurderar vi til å vere lågt med vårt kystklima, men det kan og vil oppstå i korte periodar på vinteren. Meir enn med dagens plastposar. Reinsemd i beholdarane må abonnentane ta ansvar for, og vi trur mange alt har gode rutinar på reinhald av beholdarane sine etter kvar tøming. Oppsamlingskorgene som er i kjøkenbenken ilag med papirposar for matavfall, må vi ta ansvar for å kjøpe inn. Det er spesialposar og spesialutstyr.

Det er ulik praksis med å halde abonnentane med posar. RIR i Romsdal brukar plastposar og krev at abonnentane held seg med plastposar sjølve.

Hos Årim, SSR og VØR, kjøper vi posane og leverar ut til abonnentane.


Innkjøp og utlevering kostar ca kr 600' pr år. Kr 400' i innkjøp, og to månader med utlevering for to lag i to bilar.

Innkjøp av papirposar til kanskje halvparten av innbyggjarane våre, vil kostnads messig kome i same område som det vi i dag brukar på plastposar. Utleveringa kjem til å gå meir tid til, då den berre kan utleverast når det ikkje kjem nedbør.

Oppsummert

Vi legg opp til at denne overgangen skal vere frivillig frå 2022, så får ein etter kvart gjort seg nokre røynsler om vegen vidare. Insitamentet vert at papirposar og korg for oppsamling i papirposar med, det held VØR. Dei som vil fortsette med plast får gjere det, men då må dei halde seg med utstyr og plastposar sjølve.

Med styreavklaring no, kan dette vere på plass til komande årsskifte.



Mvh

Petter Bjørdal